



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Statsråden

Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus
Postboks 5118 Majorstua

0302 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
08/2799-1 BEE

Dato **16 JAN 2009**

Tildelingsbrev for Husleigetvistutvalet i 2009

I dette tildelingsbrevet følger Kommunal- og regionaldepartementet opp dei vedtak og føresetnader som Stortinget har treft for 2009, jf. Budsjett-innst. S. nr. 1 (2008-2009), Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009) og St.prp. nr. 1 (2008-2009) for Kommunal- og regionaldepartementet.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar for Husleigetvistutvalet i Oslo og Akershus i 2009. Det blir òg gjort greie for kva inntekter som blir føresette i budsjetterminen, og kva satsingsområde og mål som skal gjelda for verksemda i 2009. Der ikkje anna er sagt, blir det lagt til grunn at verksemda blir vidareført.

Husleigetvistutvalet har eit ansvar for å informera departementet om det oppstår vesentlege avvik frå føringane for politikken, i planar som er avtalt med departementet eller i verksemda generelt. Husleigetvistutvalet skal ta opp eventuelle uklare punkter i tildelingsbrevet med departementet.

OVERFØRING AV LØYVINGAR 2009

Utgifter

| | |
|---------------------------------|--------------|
| | (i 1 000 kr) |
| Kap. 585, post 1 Driftsutgifter | 7 000 |

Inntekter

| | |
|-------------------------|------------|
| | (1 000 kr) |
| Kap. 3585, post 1 Gebyr | 430 |

Husleigetvistutvalet vert gjeve samtykke til å overskrida løyvinga på kap. 585, post 1 Driftsutgifter mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3585, post 1 Gebyr, jf. Budsjett-innst. S. nr. 5 (2008-2009). Ressursane som er tildelt må brukast på ein mest mogleg effektiv måte. Sakshandsamingsgebyret på eitt rettsgebyr skal vidareførast.

Fram til og med 2008 har Husleigetvistutvalet vore ei prøveordning. Frå 1. januar 2009 blir ordninga gjort permanent. I tillegg skal ordninga utvidast geografisk, i fyrste omgang til Bergen og Trondheim. Husleigetvistutvalet må setta av ressursar i 2009 til å bidra i arbeidet med oppbygginga av desse kontora. Det blir tatt sikte på at desse kontora skal opna ved årsskiftet 2009/2010.

MÅL

Det overordna målet for bustad- og bygningspolitikken er at alle skal kunna bu trygt og godt, jf. St.prp. nr.1 (2008-2009). Husleigetvistutvalet skal sikra partane høve til å ivareta interessene sine ved å tilby rask, rimeleg og kompetent handsaming av tvistar som gjeld leige av bustad.

RAPPORTERING

Husleigetvistutvalet skal utarbeida ei årleg framstilling av arbeidet sitt, jf. forskrift om Husleigetvistutvalet § 15 fyrste ledd. Årsmeldinga for 2008 skal oversendast departementet innan 1. kvartal 2009. Årsmeldinga skal mellom anna innehalda ein rapport om status for arbeidet med likestilling i utvalet, jf. vedlagde mal. Departementet vil syta for at ein kopi av årsmeldinga blir sendt til Riksrevisjonen. Plan for verksemda for 2009 skal sendast departementet innan 1. kvartal 2009.

Husleigetvistutvalet skal kvart halvår senda departementet statistikk over innkomne saker og mengd saker som er forlikte eller avgjorde ved vedtak. I tillegg skal utvalet rapportera på sakshandsamingstid i årsmeldinga og i innspelet til St.prp. nr. 1. Saker som er ferdig handsama av utvalet skal gjerast tilgjengeleg for offentlegheita i anonym form, jf. forskrifta § 15 andre ledd.

Husleigetvistutvalet skal senda inn rekneskapsrapport til departementet pr. 30. juni 2009 og 31. desember 2009.

Det skal vera to kontaktmøte mellom Husleigetvistutvalet og departementet i 2009. Kontaktmøta skal vera i juni og desember. Departementet vil syta for innkalling til kontaktmøta. Det skal utarbeidast saksdokument i framkant av møtet, basert på relevant rapportering på budsjettet. I denne rapporteringa skal Husleigetvistutvalet gje ei overordna risikoanalyse der risikoreduserande tiltak er inkluderte. Analysen skal gjerast i samband med fastsette mål. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet.

Departementet er avhengig av at Husleigetvistutvalet har god internkontroll. Effektive interne kontrollsystem skal sikra at fastsette mål og resultatkrav blir følgt opp, at resursbruken er effektiv, og at arbeidet blir drive i samsvar med gjeldande lovar, forskrifter, retningsliner og anna relevant regelverk.

Med helsing



Magnhild Meltveit Kleppa

Vedlegg:

- Felles retningsliner for offentlege verksemder

Kopi til:
Husbanken
Riksrevisjonen